

Møtereferat

Dato: 25.04.2018

Emne:	Referat styringsgruppemøte pilotprosjekt Bømlo - 17. april 2018		
Til stades:	Styringsgruppa: Svein Heggheim, Sissel Øverdal, Erling Lodden, Bjørn Håvard Bjørklund, Rune Gåsland og Tor Djuve Prosjektleder Tor Ivar Sandvik		
Forfall:			Sak: 2017/4991-15
Møtetid:	0830-1130	Møtestad: Møterom 616, fylkeshuset	

Møteleiar: Tor Ivar Sandvik
Referent: Tor Ivar Sandvik

11/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: teke til orientering

12/18 Godkjenning av referat 30.1.18

Saksunderlag: referat styringsgruppemøte 30.1.18

Vedtak: teke til orientering

13/18 Status arbeid i prosjektgruppa, gjennomførte aktivitetar

Saksunderlag: Rapport om nosituasjon/grunnlagsdokument for prosjektet.

Vedtak: teke til orientering. Styringsgruppa presiserer at rapport er til internt bruk.

14/18 Gjennomgang og drøfting av forslag til prosjektplan

Saksunderlag: Forslag til prosjektplan

Gjennomgang i møtet av prosjektleder

Vedtak:

Prosjektgruppa jobbar vidare med prosjektplan. Punkt i planen som særleg blei drøfta:

- i. Interessentanalyse:
Justere denne ved ny fase i prosjektet.
- ii. Risikoanalyse:
Strukturere etter prosjektfase. Ev. tydeleggjere at risikoanalysen i prosjektplan gjeld denne delen av fasen.
- iii. Aktivitetsplan:
Ekstern finansiering/forsking inn i aktivitetsplan. Kva skal styringsgruppa vurdere og kor tid?
Ulike perspektiv: kan både muleggjere finansiering og vere eit forskingsprosjekt.

Legge inn aktivitet om vurdering av framtidig prosjektorganisering (når modell er vedteke)
Aktivitetsplan justerast etter kva behov vi ser dei ulike modellane krev (jf. forskriftsfesting av modell)

- iv. Kriterier for vurdering av modellar:
Prosjektgruppa ser på kriteriene på nytt. Er kriteriene for mange og for omtrentlege? Er kriterier slik dei står i dag kjelde til forvirring?
Kva verktøy skal brukast for å måle kriteriene?
Arealeffektiv inn som eit kriterium

Andre område i planen som var drøfta:

- Delleveranse L9: Justere til «administrativ tilråding er gjort».
- Tekst om at det skal etablerast 70 % av nødvendig areal for (...) TIP og EL endrast til at opplæringa skal vere arealeffektiv.
- Aktivitetsplan: L4 – avtalar mellom skule og bedrift – ny frist 1.11.18.
- Aktivitetsplan er tidskritisk, med omsyn til ev. behov for å forskriftsfeste ein ny modell. Viss dette behovet fell bort, justerast tidsplanen.

Forslag til endra prosjektplan drøftast per e-post eller i eit eige Skype-møte.

15/18 Møteplan styringsgruppa

Styringsgruppa vert einige om møtedatoar i styringsgruppa for resten av året 2018

Vedtak: Det blir sett opp fellesmøte med prosjektgruppa og styringsgruppa den 26. juni, på Bømlo. Til då er grovskisser for ulike modellar klare.

16/18 Eventuelt/anna

Ingen saker.